

Det kongelige kunnskapsdepartement (KD)

Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Deres ref.:
17/3897

Vår ref.:
17/08610-3

Dato:
16.11.17

Svar på høyring om forslag om endringar i opptaksforskrifta

Me viser til brev frå Kunnskapsdepartementet 14. august 2017, og tillegg sendt 2. oktober 2017.

Høgskulen på Vestlandet gjev med dette uttale om dei varsla endringane.

§ 2-3 Opptak på grunnlag av fullført høgre utdanning

- Me støttar ei slik endring.

§ 2-4 Opptak på grunnlag av fullført fagskuleutdanning

- Me støttar ikkje ei slik endring. Me kan ikkje sjå at søkjarar med fagskuleutdanning samla sett har stort nok omfang i norskfaget til å dekke tilsvarande kravet på 393 timar frå vidaregåande skule. Slik vi forstår oppbygginga av dei ulike fagskulane kring om i landet er det og ulikt omfang på norskfaget mellom dei ulike skulane. Utvatning av generell studiekompetanse vil kunne gje grunnlag for å innføre særkrav i norskfaget, noko me meiner er svært uheldig. Jf. HVL si høyring til endringar i Høgskule og Universitetslova. Tilbakemeldingar frå våre fagmiljø er at norsk er eit grunnleggjande viktig fag for gjennomføring av høgre utdanning.

Kapittel 4 Spesielle opptakskrav

- HVL meiner det er utfordrande for sektoren dersom det vert ulike opptakskrav til like utdanningar, avhengig av kva kvar institusjon ynskjer å legge inn som tilleggskrav til generell studiekompetanse. For studiesøkjarar og rådgjeverar i vidaregåande skule vil dette gjere studietilbodet meir uoversiktleg, og det gjer rettleiing av unge studiesøkjarar meir komplisert. Det er og usikkert kva effekt slike tilleggskrav vil kunne gje når det allereie er konkurranse om mange av studieplassane.

§ 7-10 Tilleggs poeng for alder

- Me støttar ikkje ei endring der søkjarar som avsluttar vidaregåande opplæring (vgo) det året dei fyller 18 år, får tilleggs poeng frå året etter at dei er ferdige med vgo. Desse søkjarane vil med dagens system ha fordelt med at dei vil kunne konkurrere i fyrstegangskvoten eit år lenger enn alle andre, dersom vilkåra for dette er til stades.
- I 2017 var det 227 personar som var 18 år eller yngre som søkte opptak til høgare utdanning gjennom Samordna opptaket. 166 av desse var kvalifisert til hovudopptaket, som tyder på at dei hadde fått vitnemål tidlegare enn normert løp. Dersom desse tala er representative, med fire årskull med

tilsvarande tal, dreier det seg om inntil 664 søkjarar totalt i det samordna opptaket, eller mindre enn 0,5 % av søkjarmassen.

- 73,192 av årets søkjarar i NOM er i aldersspennet 19-22 år, der det betyr noko om dei får 2 ekstra alderspoeng eller ikkje. Desse utgjer totalt 53,98 % av søkjarmassen i NOM.
- Forslaget fører til at meir enn halve søkjarmassen må kontrollerast for å eventuelt tildele to ekstra alderspoeng til ei marginal gruppe.
- Sidan alle norske vidaregåande skular er tilknytt Nasjonal Vitnemålsdatabase (NVB), er det ikkje mogeleg å gjennomføre ein automatisk kontroll av alle desse søkjarane.
- Føresett at CERES er i stand til å kode ein automatisk utrekning av søkjarar som berre har eit elektronisk vitnemål, med tildeling av alderspoeng etter fullføringsår, vil ein kunne halde på noko av digitaliseringsgevinsten som me har i dag gjennom automatisk sakshandsaming av elektroniske vitnemål. Med atterhald om at CERES har kapasitet til å ta på seg oppgåva med utvikling for dette, vert best case scenario at alle søkjarar under 22 år som ikkje har elektronisk vitnemål, må ha ein manuell sjekk av alderspoeng i tillegg til sakshandsaminga.
- Som eksempel ville dette for HVL medført:
 - o Et absolutt best case scenario; omtrent 500 ekstra søknader må sakshandsamast i NOM. Ut frå årets søkjartal, 5-7 % meirarbeid.
 - o Et absolutt worst case scenario; anslagsvis rundt 2000-2500 ekstra søknader må sakshandsamast. Ut frå årets søkjartal, 30-35 % meirarbeid.
- Fem av søkjarane HVL hadde B-rolle (ansvar for saksbehandling) for i 2017 var 18 år gamle. Tre av desse hadde oppnådd GSK. Alle desse tre hadde elektronisk vitnemål.
- Dersom dette talet er representativt for alle årskull, vil det sei at vi vil handsame 500-2500 ekstra søknader, for å gje ekstra tilleggsopeng til ein stad mellom 0 og 12 av søkjarane vi har B-rolle for.

§ 7-11 Tilleggsopeng for høgre utdanning...

- HVL støttar ikkje denne endringa som gjev tilleggsopeng for fullført fagskuleutdanning. Årsaka til dette er at det er eit prinsipp at ein ikkje bør få dobbelt utteljing både som opptaksgrunnlag/rangeringsgrunnlag og ved at ein kan få tilleggsopeng. (Viser til varsla endring i §2-4)

Med helsing

Björg Kristin Selvik

Arnstein Menes

Prorektor for utdanning

Rådgjever

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.

Kopi til: HiB Seksjon for utdanning, HiB Opptakskontoret v/Unni Beite Rogvin, HSH Utdanningscenter v/Karin Stormo, HiSF Seksjon for utdanning